



Seim Eiendomsutvikling AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1486 - 19/17476

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:

04.06.2019

Godkjenning av seksjonering gbnr 172/204

Administrativt vedtak. Saknr: 328/19

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigdommen gbnr 172/204 i Lindås, med adressene Fuglevikvegen 28A, 28B, 28C og 28D.

På eigdommen er det godkjent 4-mannsbustad i 3 etasjar, med 4 likeverdige bueiningar. Kvar bueiningar går over 1 etasje, med ½ etasje på kvar seksjon. Dei 4 bueiningane har kvar sin tilleggsdel med garasje og sportsbod i underetasjen.

Alt areal på eigdommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 4 seksjonane i matrikkelen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen.

Det er utarbeidd og lagt ved forslag til vedtekter for sameiet Fuglevikvegen 28, gbnr 172/204 i Lindås kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Kommunen har utarbeida situasjonskart som viser eigdomsgrensene, adresser og seksjonsnummer. Kart var ikkje lagt ved søknaden.
- Planteikningar av 4-mannsbustad i 3 etasjar der seksjonsnummera og type rom er påskrive- 2 vedlegg.
- Vedtekter for sameiet Fuglevikvegen 28, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



- Eigar er Seim Eiendomsutvikling AS og søknaden er signert og sendt inn av styrets nestleder Bente Skare Seim som har signaturrett.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 4 eigarseksjonar for gbnr 172/204 i Lindås, sameiet Fuglevikvegen 28, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1 – 4 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøken 1/4 kvar. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delevegg og etasjeskille mellom dei. Seksjonane 3 og 4 ligg i 1. etasje og seksjonane 1 og 2 ligg i 2. etasje. Seksjonane har tilleggsdel med garasje og sportsboder i underetasjen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 172/204 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7250,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering med vedlegg gbnr 172-204

Mottakarar:

Seim Eiendomsutvikling AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM